

Nynorsk kultursentrum  
Indrehovdvegen 176  
6160 HOVDEBYGDA

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1289-7

17. desember 2019

## Statsbudsjettet 2020 – tilskotsbrev

### 1. Statstilskot for 2020

Me syner til budsjettsøknad for 2020.

Kulturdepartementet tildeler med dette Nynorsk kultursentrum eit driftstilskot for 2020 på kr **22 450 000**. Tilskotet er løyvd under kap. 328, post 70, jf. Prop. 1 S (2019-2020) for Kulturdepartementet og Innst. 14 S (2019-2020).

Kulturdepartementet syner til Innst. 14 S (2019-2020), der "*komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti viser til budsjetteneigheten mellom regjeringspartiene på Stortinget, hvor det foreslås å bevilge 1,4 mill. kroner i driftstilskudd til Nynorsk kultursentrum for å etablere Vinje-senteret for dikting og journalistikk*". På bakgrunn av dette er det samla driftstilskotet til Nynorsk kultursentrum styrkt med 1,4 mill. kroner.

Frå 2020 opphever Kulturdepartementet øyremerking av midlar til Vinje-fondet, jf. Prop. 1 S (2019-2020) og Innst. 14 S (2019-2020). Nynorsk kultursentrum skal frå 2020 disponera midlane som til no har vore øyremerkte Vinje-fondet til andre føremål innanfor verksemda til å fremja bruken av nynorsk språk i media, og andre tiltak for nynorsk skriftkultur.

Kulturdepartementet syner vidare til Innst. 14 S (2019-2020), der "*flertallet mener også at stiftelsen bør kunne benytte det som i dag har vært et øremerket tilskudd til leksikonartikler uten øyremerking, slik at den får disponert den samlede innsatsen til mer digital formidling av og på nynorsk, best mulig*". På bakgrunn av dette vert øyremerking av midlar til Allkunne AS oppheva.

Statstilskotet vil verta utbetalt kvart halvår til Dykkar konto nr. 3991 40 21530. Fyrste del av tilskotet vert utbetalt i januar 2020.

Fylkeskommunar og kommunar som nyt godt av kompetansen, formidlinga og andre tenester åt museet, har eit grunnleggjande delansvar for finansieringa av musea.

## 2. Mål

Løyvingane til museum og visuell kunst byggjer opp under dei nasjonale måla om å medverka til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying, å tilby møteplassar og byggja fellesskap, og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv.

Samfunnsrolla eller samfunnsoppdraget åt musea ligg i å utvikla og formidla kunnskap om menneska si forståing av og samhandling med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. Dette er eit fagleg kjernespørsmål som musea til kvar tid lyt vurdera og konkretisera.

Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortid og notid. Dette føreset armlengds avstand til offentlege styresmakter.

Måla for løyvingane til museum og visuell kunst i 2020, jf. Prop. 1 S (2019 – 2020), er å leggja til rette for at

- musea er aktuelle og profesjonelle og utøver ei aktiv samfunnsrolle
- musea formidlar kunnskap og oppleveling
- samlingane ved musea vert tryggja og tekne best mogeleg vare på, og vert gjorde tilgjengelege
- musea førestår forsking og utviklar ny kunnskap
- visuelle kunstuttrykk vert skapte og formidla, og vert etterspurde.

Det er ein føresetnad at tilskotet vert nytta i samsvar med måla for løyvingane til museum og visuell kunst, og dei måla som er oppgjevne i søknaden for 2020. Tilskotsmottakaren skal vidare utforma tenlege system for oppfølging av eiga måloppnåing som tryggjer høg kvalitet og god ressursbruk.

Tilskotsmottakaren skal strekkja seg etter kvalitet i alle ledd, anten det handlar om formidling, kunstnarleg produksjon eller anna.

### **3. Andre vilkår for statstilskotet**

Tilskotsmottakaren må fylgja opp dei føresetnadene og krava til økonomiforvaltning og rapportering som fylgjer av dette brevet og av vedlagde *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturdepartementet i 2020*.

#### *Forsvarleg og effektiv drift*

Det er eit vilkår for statstilskotet at tilskotsmottakaren tryggjer at drifta er økonomisk forsvarleg, og at bygningar og utstyr vert haldne vedlike. Ein legg til grunn at institusjonen vert driven på ein kostnadseffektiv måte. Det må òg setjast av tilstrekkelege midlar til investeringar, og til fri eigenkapital som trygd mot uventa kostnads- og inntektssvingingar. Eventuelle avsetjingar til framtidig vedlikehald og investeringar må førast som langsiktig gjeld/forplikting i balansen.

#### *Eigeninntekter*

Alle tilskotsmottakarane skal nytta ut potensialet sitt for eigeninntekter. Departementet legg til grunn at den einskilde institusjonen utarbeider planar for å utvikla dei ulike inntektskjeldene sine med sikte på å auka eigeninntektene, slik som billettinntekter, andre inntektsgjevande aktivitetar og tiltak, og gåver og sponsorinntekter.

#### *Kulturelt mangfald, relevans og representativitet*

For å tryggja relevans og representativitet i kulturlivet må kunst- og kulturinstitusjonane arbeida aktivt for å nå ut til nye grupper med tilboda sine. Kulturelt mangfald kan forståast som eit inkluderande kulturliv som kjem til uttrykk gjennom eit mangfald av sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion, seksuell orientering, etnisitet, nasjonalitet og alder. Det må leggjast vinn på å inkludera samfunnsgrupper som er underrepresenterte i kulturlivet, både som utøvarar og kulturarbeidrarar og som brukarar av kulturtilbod.

Kunst- og kulturinstitusjonane må utvikla eigne strategiar for å medverka til auka relevans og representativitet i kulturlivet. I dette ligg òg at institusjonene skal vurdera eige handlingsrom for å medverka til at kunst- og kulturuttrykk til samar og nasjonale minoriteter i større grad kan verta ein del av kulturlivet i heile Norge.

#### *Publikumsutvikling*

Departementet legg vinn på at institusjonane har god kunnskap om brukarane og arbeider aktivt for å nå nye publikumsgrupper, m.a. ved å gjennomføra publikumsundersøkingar. Det skal i årsrapporten gjerast greie for korleis institusjonen fylgjer opp arbeidet med publikumsutvikling.

#### *Søknader til Norsk kulturfond*

Institusjonar som mottek årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet skal som hovudregel ikkje få tilskot frå Norsk kulturfond. Unnatak kan vurderast m.a. for å fremja samarbeid mellom institusjonar og det frie feltet.

### *Tryggleik og vernebung*

Det vert lagt til grunn at mottakarar av tilskot frå Kulturdepartementet har system for å ivareta tryggleik og vernebung, og fylgjer dei til kvar tid gjeldande reglar og retningsliner.

### *Klima- og miljøtiltak*

Klima- og miljøpolitikken åt regjeringa byggjer på at alle samfunnsaktørane har eit sjølvstendig ansvar for å leggja miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverka til at dei nasjonale klima- og miljømåla vert nådde. Tilskotsmottakaren skal i årsrapporten om aktiviteten for 2020 gjea for klima- og miljøtiltak.

### *Universell utforming*

Departement minner om at offentleg og privat verksemd retta mot allmenta skal vera universelt utforma, jf. lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

Det er eit vilkår for det tildelte tilskotet at alle som har fylgjeprov for funksjonshemma, og som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement, får gratis billett for fylgjepersonen. Det kan eventuelt nyttast rabattordningar som inneber at billettpriene for den funksjonshemma og fylgjepersonen samla ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.

### *Arbeid for å førebyggja trakassering*

Kulturdepartementet legg til grunn at tilskotsmottakeren arbeider for å hindra trakassering og anna utilbørleg framferd, i tråd med krava i arbeidsmiljølova. Institusjonen skal ha rutinar for intern varsling om kritikkverdige tilhøve, i samsvar med § 2 A-3 i arbeidsmiljølova.

### *Immateriell kulturarv*

Musea arbeider med immateriell kulturarv òg. I denne samanhengen syner departementet til utgreiinga *Immateriell kulturarv i Norge – en utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven* utført av ABM-utvikling. Utgreiinga er å finna på heimesidene åt departementet, [www.regjeringen.no/kud](http://www.regjeringen.no/kud).

### *Vedtekter*

Departementet minner om det er viktig å ha oppdaterte og gode vedtekter som på best mogeleg måte reflekterer verksemda åt museet. Særleg gjeld dette museum der det har skjedd større endringar dei siste åra. Det er til dømes særskilt viktig å tryggja god samanheng mellom vedtektena til eventuelle eigerstiftingar og den nye konsoliderte eininga med driftsansvaret.

### *Pensjonsskyldnader*

Rekneskapslova, rekneskapsstandardar og god rekneskapsskikk stiller krav til balanseføring av pensjonsskyldnader.

Mange institusjonar har dei siste åra røynt ein stor auke i pensjonsskyldnadene, noko som kan ha ført til at eigenkapitalen er redusert og i nokre tilfelle negativ. Slik auke i pensjonsskyldnadene har i stor mon samanheng med brigde i parametrane for utrekninga.

Fleire institusjonar, m.a. på scenekunst- og musikkfeltet, har lukka delar av yttingspensjonsordningane dei siste åra, men det står framleis att skyldnader for nokre som krev aktuarutrekningar til rekneskapsavlegginga.

Departementet praktiserer som styringsprinsipp overfor institusjonane at tapt eigenkapital må byggjast opp att det påfylgjande året. Departementet vil ikkje praktisera dette styringsprinsippet overfor institusjonane når grunnen til rekneskapsunderskotet og/eller tap av eigenkapital heilt ut er ein fylgje av endringar i utrekninga av pensjonsskyldnader frå det eine året til det neste. Departementet legg likevel til grunn at dei institusjonane som framleis har negativ eigenkapital som fylgje av pensjonsskyldnader tek naudsynte grep, slik at balansen mellom inntekter og kostnader, inkludert pensjonsskyldnader, vert betra.

Institusjonane må gjera greie for saka i fotnote til rekneskapen. Kulturdepartementet vil fylgja utviklinga i pensjonskostnadene nøyne.

Vedlagte skjema skal fyllast ut og sendast på e-post til departementet i samband med innsending av budsjettsøknad for 2021.

#### *Udstillingsvederlag*

Me syner til avtale om utstillingsvederlag for framvising av biletkunst, kunsthandverk og fotografisk kunst som tilhører kunstnaren, og særleg til § 8 om vederlagssatsane. Det er eit vilkår at det innanfor den gjevne løyvinga vert betalt frakttilkot og utstillingsvederlag etter gjeldande satsar, og at ein elles etterlever føreseggnene i gjeldande avtale om utstillingsvederlag. Satsane i perioden 1. januar - 31. desember 2020 er: del 1: kr 293,- og del 2: kr 312,-.

Til dykkar orientering kan avtaleteksten hentast på: [www.regjeringen.no/kud](http://www.regjeringen.no/kud)

## **4. Rapportering for 2020**

Tilskotsmottakaren må utarbeida rapport om aktiviteten i 2020 i webskjema for budsjettsøknaden for 2022 via Altinn-portalen. Rapporteringa skal mellom anna innehalda revidert rekneskap for 2020 og omtale av resultat i samsvar med måla for løyvingane til museum og visuell kunst, og dei måla som vart omtalte i søknaden for 2020. Tilskotsmottakaren lyt òg rapportera i tråd med andre krav og vilkår trekte opp i tilskotsbrevet. Departementet vil koma attende til krav til rapporten i eige rundskriv om budsjettsøknader for 2022.

## **5. Nasjonale kulturygg – varsel om endra søknadsfrist for 2022-budsjettet**

Fristen for søknader til ordninga *Nasjonale kulturygg* for 2021-budsjettet vil vera 1. mars 2020, som tidligare år.

Frå og med påfylgjande år vert fristen to måneder tidlegare. Søknadsfristen til ordninga *Nasjonale kulturygg* for 2022-budsjettet vil dimed vera 1. januar 2021.

## **6. Frist i 2020**

Fylgande dokument skal leverast **innan 1. mars 2020:**

- 1) Budsjettframlegg for 2021 og årsrapport for 2019 i webskjema
- 2) Museumsstatistikk for 2019 i webskjema
- 3) Revidert rekneskap for 2019 med balanse og noter og revisjonsmelding. Årsmeldinga frå styret skal berre leverast av dei musea som vert definerte som store føretak, jf. endringar i rekneskapslova vedteke av Stortinget 15. desember 2017. Dokumenta skal vera signerte. Dokumenta skal skannast og sendast på e-post til departementet til fylgjande adresse: [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)
- 4) Skjema for pensjonsskyldnader for 2019 frå dei musea som vert definerte som store føretak. Skjemaet må sendast elektronisk til departementet til fylgjande adresse: [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no), jf. avsnitt om pensjonsskyldnader i punkt 3 i dette brevet.

Manglande innsending av desse dokumenta kan føra til at tilskotet vert halde attende.

## **7. Annan informasjon**

Gåveforsterkningsordninga inneber at pengegåver frå stiftingar og private gjevarar til kunst- og kulturinstitusjonar – innanfor retningslinene for ordninga – løyser ut eit statleg tilskot på 25 pst. av gåvesummen. Retningsliner og søknadsskjema er å finna på heimesidene åt departementet: [www.regjeringen.no/kud](http://www.regjeringen.no/kud)

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)  
avdelingsdirektør

Natalia Ryan  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar*

### **Vedlegg:**

- Retningsliner for økonomiforvaltning og kontroll for tilskotsmottakarar som får tildelt driftstilskot frå Kulturdepartementet i 2020
- Skjema for pensjonsskyldnader for 2019

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Norsk kulturråd